



# Gloppen kommune

## Møteprotokoll

---

|                 |                          |
|-----------------|--------------------------|
| <b>Utval</b>    | Formannskapet            |
| <b>Møtestad</b> | Skriftleg sakshandsaming |
| <b>Dato</b>     | 22.06.2026               |
| <b>Tid</b>      | Kl. 12:30 - 13:30        |

---

| <b>Følgjande medleamar møtte</b> | <b>Frå</b> |
|----------------------------------|------------|
| Arnar Hans Kvernevik             | AP         |
| Beate Dybendal Nordvik           | H          |
| Hege Lothe                       | SV         |
| Jan Ove Rygg (p)                 | H          |
| Karoline Aldis Bjerkeset         | SP         |
| Mariel Eikeset Koren             | MDG        |
| Per Jarle Myklebust              | SP         |
| Ragne Mari Røed Kandal           | KRF        |
| Reidar Moldestad                 | H          |

### Underskrifter

---

## Saksliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                               |
|----------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| 052/26         | Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste                                  |
| 053/26         | Referat og orienteringssaker                                                    |
| 054/26         | Søknad om skjenkeløyve, enkelthøve, for matfestival frå 14.08.2026 - 16.08.2026 |

## **052/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste**

### **Ordføreren si tilråding:**

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

### **Formannskapet 22.06.2026:**

#### **Behandling**

Alle som var med godkjente bruk av skrifteleg saksbehandling på dette møtet. Møteboka frå sist møte vart ikkje gjennomgått.

### **FOR- 052/26 Vedtak**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent.

Vedtaket var samrøystes.

## **053/26: Referat og orienteringssaker**

### **Formannskapet 22.06.2026:**

#### **Behandling**

Det var ingen referat eller orienteringssaker.

### **FOR- 053/26 Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

## **054/26: Søknad om skjenkeløyve, enkelthøve, for matfestival frå 14.08.2026 - 16.08.2026**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet viser til Gloppen kommune sin ruspolitiske plan, og avslår skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS under Sandanedagane 14.08.2026-16.08.2026.

### **Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 18.06.2026**

Helse og oppvekstutvalet tilrår formannskapet å gje skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS i samband med Street Food Norway matfestival i perioden 14.08.2026-16.08.2026.

Forslaget vart vedteke med fem røyster; Mariell Koren Eikeset (MDG), Bård Helle Bolstad (SP), Julie Lothe (SP), Sjur Per Ståle Husevåg (KRF) og Bernt Reed (SP). Dei som røysta mot var Per Ståle Husevåg (KRF) og Bernt Reed (SP).

## **Helse- og oppvekstutvalet 18.06.2026:**

### **Behandling**

Framlegg frå MDG, framlegg frå Baard Helle Bolstad, Senterpartiet

Helse og oppvekstutvalet tilrår formannskapet å gje skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS i samband med Street Food Norway matfestival i perioden 14.08.2026-16.08.2026.

Framlegg frå Mariell Koren Eikeset (MDG): Helse og oppvekstutvalet tilrår formannskapet å gje skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS i samband med Street Food Norway matfestival i perioden 14.08.2026-16.08.2026.

Framlegget vart stilt opp mot kommunedirektøren si tilråding og røysta over. Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk to røyster; Per Ståle Husevåg (KRF) og Bernt Reed (SP). Framlegget frå MDG fekk fem røyster; Mariell Koren Eikeset (MDG), Bård Helle Bolstad (SP), Julie Lothe (SP), Sjur Atle Austrheim (H), Lisbeth Stensaker (H) og vart vedteken.

### **HEOP- 036/26 Vedtak**

Helse og oppvekstutvalet tilrår formannskapet å gje skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS i samband med Street Food Norway matfestival i perioden 14.08.2026-16.08.2026.

Forslaget vart vedteke med fem røyster; Mariell Koren Eikeset (MDG), Bård Helle Bolstad (SP), Julie Lothe (SP), Sjur Per Ståle Husevåg (KRF) og Bernt Reed (SP). Dei som røysta mot var Per Ståle Husevåg (KRF) og Bernt Reed (SP).

## **Formannskapet 22.06.2026:**

### **Behandling**

#### **Ragne Mari Røed Kandal (KrF):**

Spm1: Ja til skriftleg behandling

Spm 2. Nei, ikkje enig i innstillinga fra Helse- og oppvekst utvalet.

KrF støttar kommunedirektøren si tilråding om å avslå søknaden om skjenkeløyve under Sandanedagane.

Sandanedagane er eit familiearrangement der barn og unge er ein viktig del av målgruppa. Den ruspolitiske planen slår fast at det ikkje skal givast skjenkeløyve til arrangement der barn og unge under 18 år er i målgruppa, og vi meiner vi bør vere konsekvente i praktiseringa av denne planen. Dette handlar ikkje om mistillit til arrangør eller søkjar, men om kva rammer og signal kommunen ønskjer å leggje til grunn for arrangement retta mot familiar.

Eg meiner òg det er uheldig å opne for alkoholservering i eit område som blir mykje nytta av barn og unge, og å sperre av delar av eit allereie avgrensa offentleg areal til dette føremålet. Området bør vere ope og tilgjengeleg for alle.

Vidare ser eg ikkje at søknaden dekkjer eit behov som ikkje allereie er ivareteke gjennom eksisterande lokale utsal og serveringsstader i kommunen.

På dette grunnlaget meiner eg søknaden bør avslåast.

#### **Per Jarle Myklebust (Sp):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja

**Arnar Kvernevik (Ap):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja.

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja.

**Jan Ove Rygg (H):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja.

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja.

**Reidar Moldestad (H):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja.

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja.

**Beate Dybendal Nordvik (H):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja.

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja.

**Mariël Eikeset Koren (MDG):**

1. ja

2. ja

**Karoline Bjerkeset (Sp):**

1. Ja, saka skal handsamast som skriftleg sakshandsaming.

2. Ja, eg er samd i innstillinga frå helse- og oppvekstutvalet.

**Hege Lothe (SV):**

Er du einig i at saka skal behandlast som skriftleg saksbehandling? Ja.

Er du einig i innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet? Ja.

Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart vedteken mot ei røyst: Ragne Mari Røed Kandal (KrF)

**FOR- 054/26 Vedtak**

Formannskapet gir skjenkeløyve for Larvik Mikrobryggeri AS i samband med Street Food Norway matfestival i perioden 14.08.2026-16.08.2026.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst: Ragne Mari Røed Kandal (KrF).